



Det gamle trelastlageret på Eiklandet blir erstatta av einebustadar.(Foto: Ola Matti Mathisen)

Eit nytt bustadprosjekt er no på tur i Uskedalen. Det gamle trelastlageret på Eiklandet , som er seld til Uskedalen Eigedomsutvikling (Arild Lillenes), blir erstatta av seks til åtte frittliggande einebustader på to til tre etasjer.

Byggestarten skal skje til vinteren, fortel Arild Lillenes til Kvinnheringen. Teiknearbeidet er no i gang og deretter skal kommunen søkjast om byggjeløyve.

Det har alt meldt seg interessentar til husa.